

## Rapport Team formidling av digitale ressurser - 2014

Teamet formidling av digitale ressurser består av Guro (teamleiar), Tanmayo og Trine. Teamet hadde fyrste møte 10. januar 2014.

### Teamoppdrag:

«Teamet skal lage en formidlingsstrategi og igangsette tiltak for formidling av digitale ressurser. Formidlingen skal sees i sammenheng med planleggingen av nye nettsider og det skal være et særskilt fokus på formidling av e-bøker og tjenesten E-lån Troms.

### Hva er oppdraget og hvorfor?

Folkebibliotekene i Troms har siden mars 2013 hatt e-bøker tilgjengelig for utlån. Utlånet har til nå vært lavt og det har ikke vært fokusert på formidlingen av dette mediet i stor grad. Teamet skal se på hvordan denne tjenesten, samt de andre digitale ressursene som fins tilgjengelig i biblioteket, kan formidles. Hvordan kan vi nå ut til publikum og gi bedre informasjon om hvilke ressurser vi har og hvordan disse kan brukes. Ressursene omfatter Atekst, idunn.no, ordnett.no. I tillegg må teamet se på hvordan Nasjonalbibliotekets digitale ressurser og våre egne lokale nettsteder kan knyttes inn i dette formidlingsarbeidet. Det må også vurderes om bibliotekene skal bruke ressurser på å formidle nettsider som er gratis og tilgjengelige overalt.

Teamet skal se på hvordan bibliotekene og fylkesbiblioteket sammen, og hver for seg, skal formidle tilbudet. Det skal lages en strategiplan som inneholder tiltak til formidling og markedsføring av både ressursene og innholdet i dem.

Strategien og formidlingen skal sees i sammenheng med planleggingen av nye nettsider. Det skal vurderes om tiltakene skal være av både digital og fysisk art. Teamet skal se på mulighetene for å nå ut til flest mulig, uavhengig av hvor de bor.

Teamet må også se på om midler til de ulike tiltakene skal komme fra bibliotekene selv, fylkesbiblioteket eller om det må søkes midler eksternt.»

### Kva har vi gjort:

Team formidling av digitale ressurser har i løpet av 2014 satt i gang fleire aktive formidlings – og markedsføringstiltak. Vi har mellom anna halde kompetansehevande kurs for bibliotekarar i fylket, gitt ut nye brukarrettleggingar for E-lån Troms og hatt kontakt med brukarar av E-lån Troms via e-post.

I forhold til teamoppdraget kan vi dele inn arbeidsområdet vårt i fire deler. Det fyrste området er formidling av dei digitale ressursane vi betalar for, E-lån Troms, Idunn, Atekst og Ordnett. Det andre området er korleis vi arbeidar med Nasjonalbiblioteket sine digitale ressursar og andre gratisressursar. Det tredje området er korleis vi skal samarbeide om formidling og markedsføring og i kva format vi skal gjere det i. Det siste området omhandlar økonomi.

### Formidling av betalingsressursar

I løpet av 2014 har vi arbeida mykje med E-lån Troms, og lite med dei andre betalingsressursane.

Vi har mellom anna:

- Hatt jevnlege presseoppslag

- Hatt ein reklamekampanje saman med Troms fylkestrafikk
- Arrangert kurs i E-lån Troms for tilsette i biblioteka
- Halde formidlingsworkshop for bibliotektilsette
- Utarbeida ein grafisk profil for tenesta
- Utvikla reklameplakatar og bokmerker
- Laga nye folderar
- Laga månedlige plakatar med nye titlar
- Deltatt på kurs om e-bøker
- Haldd foredrag og hatt veggoppslag om tiltaka me har gjennomført på nasjonale konferansar

Dei andre ressursane har fått oppdatert side på ressursidene og avtalen om konsortane er forlenga. Teamet arbeidar med å få til heimepålogging på Atekst, men har førebels ikkje lukkast. Før teamet vart oppretta, vart det i 2012 gjennomført ein opplæringsturné på desse og andre relevante ressursar. Det er mogeleg tida er komen til å ta dette opp igjen, anten med eit fagseminar, kurs eller ei anna form for opplæring. Nettsideteamet har undersøkt kor mange bibliotek som viser tenestane på dei noverande nettsidene, og det er ikkje mange. Dette er ein av områda som må formidlast betre til biblioteka det neste året. Det vil bli sett på mulighetene for å ta dette inn i kurskalendaren for 2015.

### Nasjonalbibliotekets digitale ressursar

Når det gjeld formidling av Nasjonalbiblioteket sine digitale ressursar har teamet hatt møte med NB om deira digitale ressursar. Vi har fått opplæring i søk i bokhylla.no og informasjon om digitaliseringsarbeidet. Teamet har foreløpig ikkje lagt nokon plan på korleis dette kan formidlast vidare, men eitt forslag er å overføre formidlingsarbeidet av det til nettsideteamet. Her kan ressursane integrerast på dei nye nettsidene teamet skal utvikle. Det er også naturleg å sjå desse ressursane i samanheng med litteraturforsyninga i fylket, og difor foreslår me å flytte over det vidare arbeidet med dei digitale ressursane til Litteraturforsyningsteamet.

### Samarbeid og format

I teamoppdraget står det: «*Teamet skal se på hvordan bibliotekene og fylkesbiblioteket sammen, og hver for seg, skal formidle tilbudet. Det skal lages en strategiplan som inneholder tiltak til formidling og markedsføring av både ressursene og innholdet i dem.*». I 2014 har vi hatt fokus på å arbeide med formidling og markedsføring av E-lån Troms. Her har vi satt opp framdriftsplan for tiltak, gjennomført ein reklamekampanje for heile fylket der biblioteka vart involvert gjennom ein formidlingsworkshop. Kampanjen var felles for alle biblioteka og alle fekk utdelt formidlingsmateriale. Sidan april har teamet sendt ut månedlege plakatar med nye titlar i E-lån Troms til samlege bibliotek. Vi har også utarbeida markedsføringsplakatar og bokmerker.

I formidling av digital art oppretta vi i desember ein adventskalender for titlane i E-lån Troms i samband med prosjektet Folkebibliotek som litteraturhus. Her bidrog biblioteka med å skrive omtalar for bøkene. Vi utvikla fysisk formidlingsmaterieil til utstilling i biblioteket, og fekk biblioteka til å publisere omtalen for dagens bok på sine facebooksider eller nettsider. Gjennom denne formidlinga fekk me prøvd ut felles formidling av same tittel kvar dag, både gjennom fysiske utstillingar og digitale formidlingstekstar på sosiale media. Samarbeidet fungerte veldig godt og biblioteka likte ideen. Dessverre ser det ikkje ut til at brukarane fanga opp bøkene via sosiale media like godt, men biblioteka fekk skape litt blest kring E-lån Troms og nokre av titlane.

### Økonomi

Alle midlar som har blitt brukt i 2014 har komme frå fylkesbiblioteket.

**Rekneskap:**

**Marknadsføring av E-lån Troms**

Plakatar + bokmerker	ca.	2000,-
Plakatar, bokmerker, foldarar til reklamekampanjen		6580,-
Adventskalender og nytt opptrykk av bokmerker		2144,- (Under Folkebibliotek som litteraturhus)
Design reklamekampanje		14688,-
Oppheng reklamekampanje		5000,-

**Kurs**

Lunsj Lenvik		2736,-
Leige rom Lenvik		800,-
Lunsj Harstad		2500,-

**Formidlingsworkshop**

Lunsj	ca.	2500,-
-------	-----	--------

**Totalt:** 38948,- inkl. mva

I tillegg kjem reise og opphald for to kurshaldarar til Lenvik og Harstad. To av teammedlemmane har også vore på seminar og workshop om e-bøker i Oslo i løpet av året.

**Innkjøp av e-bøker 2014 ( Saman med Tromsø bibliotek og byarkiv)**

2014	BARN			VOKSNE		
	DATO - ORDRENR	Beløp	Antall titler barn	Antall lisenser	Beløp	Antall titler voksne
Økonomi	76373.68		256	770	123822.55	330


**Evaluering av formidling og marknadsføring av E-lån Troms**

I desember sendte fylkesbiblioteket ut eit evalueringsskjema til biblioteka i fylket. I dette skjemaet spurde vi dei mellom anna om dei hadde tatt i bruk marknadsføringsmaterialet, om dei har satt i gang eigne formidlingstiltak, om dei har fått etterspurnad om titlane som har blitt formidla på plakatane og om dei er fornøgd med den opplæringa dei har fått.

Her er resultatata frå evalueringa:

## Evaluering av E-lån Troms

**Har dere tatt i bruk materiellet som fylkesbiblioteket har sendt ut til E-lån Troms? Som bruksanvisning, reklameplakater og bokmerker?**



	Navn
1	Ja
2	Nei

### Hvis ja, på hvilken måte har dere tatt det i bruk?

Gjort synlig tilgjengelig på biblioteket og i ulike offentlige rom

Kopiert opp og delt ut til lånere og andre besøkende på biblioteket. Det er også lagt ut en del på skolene og matrommet på kommunehuset.

Deler ut til lånere, informerer om e-lån, hengt opp og plassert ut både her, og ved servicekontor.

Hengt opp plakater i biblioteket.

Hengt det opp, lagt ut bruksanvisninger og brukt de i forbindelse med veiledninger.

Oppslag av plakater på godt synlige steder i hovedbibliotek og filial, inngangsareal og ellers i lokalet.

Plakatene er satt opp på vår infotavle og på bibliotekets ytterdør. Bokmerkene og infobrosjyren er delt ut til våre besøkende

Stilt ut og hengt opp. Lagt ut på nett. Lagt det inn i reserverte bøker

Alle materialene er lagt ut på biblioteket. Aktiv formidling ved å gi brosjyre til alle lånere og viser dem på ipad'n hvordan man gjør det og reklameplakatene er hengt opp både inne og ute.

Brukt det i markedsføringen av e-bøker.

Både sommerplakater, mnd.plakater og bokmerker.

Veldig bra. Fin design +++ :-)


vi har hengt de opp i biblioteket og litt rundt omkring ellers (sommeren).

Hengt opp, delt ut.

Vi henger up plakater og deler andre materialer blant lånerne, bokmerker ligger på Skranke.

Til oppslag på biblioteket og på Amfi kjøpesenter og til utdeling.


### 3. Har dere hengt opp/satt fram de månedlige formidlingsplakatene?



**Navn**

1	Ja
2	Nei


### Hvis ja, har dere fått spørsmål etter titlene på plakatene?



**Serienavn**

1	Som e-bok
2	Som papirbok

## Har dere satt i gang andre formidlingstiltak enn det som er sendt ut fra fylkesbiblioteket?



	Navn
1	Ja
2	Nei

## Hvis ja, hvilke tiltak har dere satt i gang?

Tiltak og tiltak...

I forbindelse med efterspørsler etter bøker jeg ikke har på hylken (fordi de er lånt ut eller ikke inngår i samlingen), har jeg foreslått å låne boken som ebok.

Jeg har tilbudt veiledning, og henvist til instruksjonsvideoene Lenvik bibliotek har laget til youtube.

i forbindelse med sommerkampagnen la jeg ut informasjon på Nordavindshagens facebookprofil.

Prøver å rekruttere egne lånere, og gir informasjon

- benytter enhver høvelig anledning til å reklamere for e-bøker når kunden besøker biblioteket :-)

Oppslag på kommunens hjemmeside

Spurt alle nye lånere om de kjenner til tilbudet, opplyst om mulighetene til å benytte seg av det når de oppgir personnummer og blir registrert som eier av nasjonalt lånekort i Troms, levert ut materiell (bokmerke + folder), og naturligvis også spurt våre "gamle" lånere.

Direkte kontakt med lånere

Help desk. Mint om det på Facebook. DKS i 8. klasse. Pilotprosjekt på Sommerlyst ungdomsskole.

Markedsført på kommunens nettsider og lokalavisa.


Markedsfører over skranken - når populære titler er utlånt. Motiverer til å bruke e-lån.

Vi har hatt kommunens IT-ansatte på biblioteket en ettermiddag før sommerferien - hjelp til å installere div. nødvendige programmer. Dette var meget høvelig siden vi hadde en del stengt i sommer.

Facebook. Websiden. Vi formidler over Skranke.

Opplysning og guiding overfor skoleklasser.


### Ønsker dere mer opplæring i forbindelse med E-lån Troms?



**Navn**

1	Ja
2	Nei


### Informerer dere nye lånerer som får nasjonalt lånekort og/eller pinkode om E-lån Troms?



**Navn**

1	Ja
2	Nei
3	Av og til

### Er dere interessert i å være med å utvikle nye/flere formidlingsplakatar for E-lån Troms?



	Navn
1	Ja
2	Nei
3	Hvis jeg har tid

### Oppsummering av evaluering

Av dei 23 biblioteka som er med i konsortieavtalen har 14 bibliotek svart på evalueringa. Alle biblioteka har fått tilsendt reklamemateriell og fått invitasjon til å bli med på formidlingstiltak og workshop. Biblioteka i Nord-Troms har ikkje fått opplæringskurs enno. Dette har vi planar om å få gjennomført i fyrste halvdel av 2015. I tillegg bør Tranøy og Longyearbyen få tilrettelagt kurs i samband med andre ærend dei har i Tromsø. Tranøy kan også få opplæring frå Lenvik bibliotek.

Opplæring i lydbøker og formidlingsmateriell av dette må også settast inn på tiltaksplanen for 2015. Her er utvalet foreløpig avgrensa, men om den tekniske løysinga vert meir utvikla vil dette bli eit nytt satsingsområde.

Dei fleste biblioteka har gjennomført eigne formidlingstiltak, informert nye lånarar om tenesta og tatt i bruk materialet fylkesbiblioteket har sendt ut. Vi ser at vi må vera raskare ute med å sende ut informasjon om endringar i systemet og ved systemfeil. Mulig vi må finne ein rutine for dette, forutan nyheitsbrevet.

Det kom også tilbakemeldingar på ein del tekniske sviktar og manglar som gjer at biblioteka tykkjer det er vanskeleg å halde seg til tenesta. Mellom anna at det kjem opp feilmelding på enkelte nettlesarar, lånekort for barn under 16 år o.l. Desse tilbakemeldingane må meldast inn til systemleverandøren, Biblioteksentralen.

Det vil bli gjennomført ei eiga evaluering av bibliotekbrukarane sin bruk av portalen. Denne vil ligge klar i løpet av våren 2015.


### Oppsummering og vidareføring av samarbeidet

Dersom vi ser på utlånstala i E-lån Troms, ser vi at utlånet har auka stort i løpet av 2014. Utlånet i 2013 (mars – desember) var **2513**, medan i 2014 (januar-desember) har vi hatt **8007** utlån i E-lån Troms. Vi ser også at dei høgste utlånstala kom etter at reklamekampanjen vart



lansert i juni. Vi ser at høge utlånstal henger saman med konkrete marknadsføringstiltak og presseoppslag som er utført i løpet av året.

#### Utlånstal pr. måned i 2014:



Som vi ser har målet med å formidle tenesta fungert. Når det gjeld formidling på tittelnivå har vi framleis ein del å gjere. Her har vi prøvd månadlege plakatar i tillegg til formidlingsprosjektet med Adventskalenderen i desember. Vi ser at de titlane som har blitt omtalt her ikkje har blitt utlånt som e-bøker, men har til gjengjeld blitt utlånt som papirbøker. Dei månadlege plakatane vil vi fortsetje å utvikle og senda ut til biblioteka. Dette arbeidet, samt andre formidlingsprosjekt knytt til E-lån Troms, vil bli lagt til prosjektet Folkebibliotek som litteraturhus.

Teamet vil, slik det har fungert til no, bli oppløyst. I 2015 vil vi ferdiggjere kurstilbodet og gjere klar anna kompetansehevande materiale, som brukarrettleiing til lydbøker, og eventuelt opplæring i dette om det er aktuelt.

Vidareføring av arbeidet som står igjen vil hamne under andre team i fylkesbiblioteket. Opplæring og utvikling av dei digitale ressursane vil som tidligare nemnt gå inn i arbeidet under Litteraturforsyning, det same vil arbeidet med å vidareutvikle portalen E-lån Troms og det som står igjen av intern opplæring her. Dagleg drift av portalen (innkjøp og brukarrettleiing) må gjerast i samarbeid med Tromsø bibliotek og byarkiv slik det blir gjort per i dag. Formidling av digitale ressursar vil også som nemnt over sjåast i samband med utvikling av dei nye nettsidene til biblioteka.

Tromsø, 04. februar 2015